

Hordaland fylkeskommune

Saksnr.	Arkivkode	Saksh.	Dykkar ref.	Dato
17/671 - 6	/ No1/ &13	Aina Tjosås - 56 57 50 43		11.04.2017

Høyringsvar frå Os kommune - Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Sjå vedlagt sakspapir for behandling og vedtak i saka.

Med helsing

Aina Tjosås
Kommunalsjef
samfunnsutvikling

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kundeombodet i Os kommune kan gje informasjon om rettar og ulike kommunale tenester. Kundeombodet kan og gje råd, rettleia og yta praktisk hjelp når det gjeld søknad på tenester og ved evt. klage på vedtak/behandling.

Mobil: 91 67 29 13 | ask2@os-ho.kommune.no
Dir. innval: 56 57 51 20

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Aina Tjosås		Arkivkode: N01&13	
Arkivsaksnr.: 17/671		JournalpostID: 17/7119	
Saksnr:	Utval:	Dato:	
27/2017	Os formannskap	21.03.2017	
28/2017	Os kommunestyre	04.04.2017	

Høyringsvar frå Os kommune - Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre sluttar seg til vurderingane som er gjort i saka. Dette vert Os kommune si høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til *Regional transportplan Hordaland 2018-2029*.

Os kommunestyre prioriterer følgjande fylkesvegprosjekt ved rullering av Regional transportplan 2018-2029:

Nr	Prosjekt	Føremål	Status reguleringsplan	Estimert kostnad (inkl MVA)
1	Hatvikvegen, parsell 1 (kryss Hegglandsdalen – Klyva) generell opprusting	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent 2015	100 mill.
2	Kryss Hatvikvegen – Valle bru (Hegglandsdalen)	Gang-/sykkelveg	Godkjent	25 mill.
3	E39-Lepsøykrysset	Gang-/sykkelveg samt utbetring kryss	Godkjent	
4	Sperrevik – Sørstraumen (Lysefjorden)	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent	10 mill.
5	Hegglandsdalsvegen	Generell opprusting/ punktutbetring	Ikkje reg.plan	
6	Grindavoll – Lepsøy	Generell opprusting, ferdigstilling av heile strekninga	Godkjent	

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56 57 50 43

7	Lysekloster ruinar – Buena kai	Mindre utviding av fylkesvegen	Ikkje reg.plan	
8	Hatvikvegen parsell 2 og 3 (Klyva – Hatvik ferjekai)	Gang-/sykkelveg, generell opprusting	Godkjent 2015	220 mill.

Os, den 06.03.2017

Christian Fredrik Fotland
Rådmann

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56 57 50 43

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Ap sitt tilleggsframlegg fekk 17 røyster (7Ap, 2V, 2TvS, 2SP, 2MDG, 2KrF) og fall.

OS KOMMUNESTYRE 04.04.2017, Sak 28/2017 -Vedtak:

Os kommunestyre sluttar seg til vurderingane som er gjort i saka. Dette vert Os kommune si høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Os kommunestyre prioriterer følgjande fylkesvegprosjekt ved rullering av Regional transportplan 2018-2029:

Nr	Prosjekt	Føremål	Status reguleringsplan	Estimert kostnad (inkl MVA)
1	Hatvikvegen, parsell 1 (kryss Hegglandsdalen – Klyva) generell opprusting	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent 2015	100 mill.
2	Kryss Hatvikvegen – Valle bru (Hegglandsdalen)	Gang-/sykkelveg	Godkjent	25 mill.
3	E39-Lepsøykrysset	Gang-/sykkelveg samt utbetring kryss	Godkjent	
4	Sperrevik – Sørstraumen (Lysefjorden)	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent	10 mill.
5	Hegglandsdalsvegen (inkl. Rødsliane)	Generell opprusting/punktutbetring	Ikkje reg.plan	
6	Grindavoll – Lepsøy	Generell opprusting, ferdigstilling av heile strekninga	Godkjent	
7	Lysekloster ruinar – Buena kai	Mindre utviding av fylkesvegen	Ikkje reg.plan	
8	Hatvikvegen parsell 2 og 3 (Klyva – Hatvik ferjekai)	Gang-/sykkelveg, generell opprusting	Godkjent 2015	220 mill.
9	Hildershavn/Askvik – Drange/Helleskaret	Ny veg som knyt saman FV163 Drangsvegen med FV	Oppstart områdeplan 2017	

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56 57 50 43

		160 Strønevegen		
--	--	-----------------	--	--

Os kommune vil presisere at allereie budsjetterte midlar til FV 158 , Gringdavoll - Lepsøy blir nytta til å gjere punktutbetringar på vegstrekket, og ikkje nytta til vegprosjekt andre stader i kommunen.

Behandling og vedtak, Os formannskap 21.03.2017

Behandling:

Votering:

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak med felles endringsforslag frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Os kommunestyre sluttar seg til vurderingane som er gjort i saka. Dette vert Os kommune si høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til Regional transportplan Hordaland 2018-2029.

Os kommunestyre prioriterer følgjande fylkesvegprosjekt ved rullering av Regional transportplan 2018-2029:

Nr	Prosjekt	Føremål	Status reguleringsplan	Estimert kostnad (inkl MVA)
1	Hatvikvegen, parsell 1 (kryss Hegglandsdalen – Klyva) generell opprusting	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent 2015	100 mill.
2	Kryss Hatvikvegen – Valle bru (Hegglandsdalen)	Gang-/sykkelveg	Godkjent	25 mill.
3	E39-Lepsøykrysset	Gang-/sykkelveg samt utbetring kryss	Godkjent	
4	Sperrevik – Sørstraumen (Lysefjorden)	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent	10 mill.
5	Hegglandsdalsvegen (inkl. Rødsliane)	Generell opprusting/ punktutbetring	Ikkje reg.plan	
6	Grindavoll – Lepsøy	Generell opprusting, ferdigstilling av heile	Godkjent	

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56 57 50 43

		strekninga		
7	Lysekloster ruinar – Buena kai	Mindre utviding av fylkesvegen	Ikkje reg.plan	
8	Hatvikvegen parsell 2 og 3 (Klyva – Hatvik ferjekai)	Gang-/sykkelveg, generell opprusting	Godkjent 2015	220 mill.
9	Hildershavn/Asvik – Drange/Helleskaret	Ny veg som knyt saman FV163 Drangsvegen med FV 160 Strønevegen	Oppstart områdeplan 2017	

Os kommune vil presisere at allereie budsjetterte midlar til FV 158 , Gringdavoll - Lepsøy blir nytta til å gjere punktutbetringar på vegstrekket, og ikkje nytta til vegprosjekt andre stader i kommunen.

ADRESSE

Rådhuset
Torggata 7
Pb.84, 5202 Os

TELEFON

Sentralbord: 56 57 50 00
Telefax: 56 57 50 01
Dir. innval: 56 57 50 43

WEB/EPOST

postmottak@os-ho.kommune.no
www.oskommune.no

INFO

Bankgiro: 3201.48.86388
Org.nr.: 844 458 312

Vedlegg:

- Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - Høyring av planforslag
- Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - info om høyring av planforslag
- Saksframlegg fylkesutvalet

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 er ei rullering av Regional transportplan Hordaland 2013-2024. Hordaland fylkesutval gjorde vedtak 23. februar 2017 om å legge forslag til plan ut på høyring.

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 er ein langsiktig regional strategiplan for utvikling av transportsektoren i Hordaland. Planen inneheld mål til alle relevante delar av transportsystemet, samt strategiar, overordna prioriteringar og tiltak som viser korleis måla skal følgjast opp. Planen legg grunnlag for fylkeskommunen sine prioriteringar gjennom handlingsprogram og budsjettvedtak, samstundes som den skal gje innspel og føringar til prosessar som gjeld Hordaland, men som ligg utanfor fylkeskommunen sitt direkte ansvarsområde.

Overordna mål for RTP er:

Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som ivaretek mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Planen har utvikla strategiar for fylkesvegnettet, kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport, transportsystemet i Bergensområdet i tillegg til strategiar for utvikling av regionsenter som trafikale knutepunkt.

I arbeidet med Regional transportplan Hordaland er det lagt særleg vekt på å følge opp Nasjonale forventningar til kommunal og regional planlegging, vedtatt 2015. Dei nasjonale forventningane er delt i tre hovudpunkt:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde

Når det gjeld regionale føringar legg Regional transportplan Hordaland særleg vekt på å følge opp:

- Regional planstrategi 2016-2020
- Klimaplan for Hordaland 2014-2030 - regional klima- og energiplan
- Regional plan for folkehelse – fleire gode leveår for alle
- Regional plan for attraktive senter – senterstruktur, tenester og handel

Planen er eit grunnlag for å reise motsegn til kommunale planforslag for dei

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

styresmakter som vert råka og har motsegnrett. Motsegn skal likevel berre nyttast når kommunale arealplanar er i strid med viktige nasjonale og regionale interesser.

Regional transportplan Hordaland legg føringar for utarbeiding og rullering av temaplanar og strategiar på samferdselsområdet. Samstundes legg følgjande temaplanar og strategiar føringar for utarbeiding av den regionale planen:

- Kollektivstrategi for Hordaland
- Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet
- Strategi for innfartsparkering

Handlingsprogram for RTP omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt som tiltak, og er vedlegg i planforslaget. I tillegg blir det utarbeida eit eige Investeringsprogram for Fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Prioritering av konkrete prosjekt, basert på føringar i RTP, blir presentert i Investeringsprogram for Fylkesvegnettet. Det blir slik lagt til rette for eit skilje mellom strategiske diskusjonar og prioritering av konkrete prosjekt.

Innhald i planen

Planen er omfattande og tar for seg alle typar transport. I denne høyringssvaret er det særleg lagt vekt på det som vedkjem Os. Tema som luftfart, sjøtransport og godsteminal er difor i liten grad kommentert.

Kap 3 Utviklingstrekk og utfordringar

Mykje av fylkesvegnettet er gammalt og ikkje bygd for dagens transportbehov, noko som inneber at fylkeskommunen har store utfordringar på drift- og vedlikehaldssida. Forfallet

har ein negativ påverknad både på trafikktryggleik og framkomst. Med vedteken økonomiplan for perioden 2017–2020 vil vedlikehaldsetterslepet auke dei neste åra.

Reisevaneundersøkinga viser positiv trend for fordeling av reisemiddel. For eksempel er heile 49 prosent av arbeidsreiser til Bergen sentrum gjennomført med kollektivtransport, mot 38 prosent med privatbil (2013). Utviklinga for sykkel har vore negativ frå 2008 til 2013. Kartlegging på det overordna fylkesvegnettet viser også at behov for gang- og sykkelveggar er stort, og særleg ved viktige kollektivknutepunkt.

Tidsdifferensierte bompengetakstar vart innført i Bergen 1. februar 2016. På same tid vart kapasiteten i kollektivsystemet styrka med 300 ekstra daglege avgangar. Tiltaket har ført ein jamnare fordeling av trafikken, særleg i ettermiddagsrushet. I tillegg er det ein total nedgang i trafikken på 4 %. Tiltaket skal evaluerast.

Transportsektoren er den største kjelda for CO₂-utslepp i Noreg i dag (31 %). Utsleppa kjem frå forbrenning av fossilt drivstoff. Overgangen til nye drivstoffteknologiar kan gje stor reduksjon i utslepp frå transportsektoren. Dette er nødvendig for å oppfylle kravet om nullvekstmålet.

Sidan 2012 har folketalet i Hordaland auka med 5,3 prosent. Den sterkaste veksten har vore i ytre strok av Hordaland, særleg i og rundt Bergen. Analysar gjennomført i samband med Regional areal- og transportplan for Bergensområdet viser at berre 20 til 30 prosent av bustadveksten i regionsenterkommunane Lindås, Askøy, Fjell og Os skjer nær sentra. Talet for Bergen er 42 %. Ei slik utvikling gjev ein auke i

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

etterspurnad etter transport som i stor grad vert dekkja av privatbil. For å nå mål om nullvekst i personbiltransporten og mål knytt til folkehelse og miljø, er det viktig å legge til rette for større del av veksten nær eksisterande sentra.

Mange verksemdar innan næringar som genererer transport av varer har ein desentralisert lokaliseringsstruktur. God framkomst og høg regularitet er svært viktig for konkurransekrafta til desse brukarane.

Luftforureining og støyproblematikk er tema som stadig blir viktigare i eit folkehelseperspektiv. Statens vegvesen vil innan 2018 utarbeide ein handlingsplan mot støy.

Kommentarar frå Os kommune

Det har skjedd ei dreining i transportplanlegginga dei siste åra, der samferdsel no vert diskutert i ein langt breiare kontekst enn tidlegare. For å nå nullutslettsmålet, må fleire bilar bli utsleppsfrie, fleire må reise kollektivt og det må tilretteleggast for betre tilhøve for gange/sykkel. Desse tinga heng nøye saman og Os kommune støttar arbeidet med å legge til rette for vekst i dei miljøvennlege transportmidlane. Dette arbeidet følgjer vi opp lokalt gjennom arbeidet med rullering av kommunens arealplan.

Kap 4 Økonomiske rammer og overordna prioriteringar i perioden 2018-2021

Kapitlet presenterer dei overordna økonomiske rammene og økonomiske bindingar for første fireårsperioden 2018-2021 i tillegg til omtale av eksisterande og andre aktuelle finansieringskjelder innan samferdselsområdet. For Os kommune sin del, så er det av disponerte midlar lagt inn 20 millionar i investeringstiltak til Fv 161 Åsen-Helleskaret i 2019.

Dei midlane som ikkje er disponert innanfor den samla økonomiske ramma, vil bli fordelt i Investeringsprogram for Fylkesvegnettet til ulike programområde som gang- og sykkeltiltak, terminalar og haldeplassar. Utanom bompengepakane er det ikkje rom for å sette i gang større nye enkeltstående investeringsprosjekt på fylkesvegnettet fullfinansiert med fylkeskommunale midlar i perioden 2018–2021.

Ulike statlege tilskot som kan vere aktuelle for Os kommune:

- Ferjeavløysingsmidlar

Ferjeavløysingsmidlane blir berekna på bakgrunn av tap innanfor inntektssystemet når eit ferjesamband blir avløyst av ei bru eller ein tunnel. Per i dag er Masfjordsambandet vedteke som ferjeavløysingsprosjekt.

- Tilskotsordning for å auke bruk av sykkel

Tilskotordninga skal bidra til raskare å gjennomføre tiltak som aukar framkomsten for gåande og syklende. Kommunar/byar som har inngått «sykkelbyavtale» med Statens vegvesen blir prioritert.

- Byvekstavgift

Om avtalen blir utvida til også å gjelde kommunane rundt Bergen, vil det vere naturleg at Os deltar i arbeidet.

- Tilskot til null- og lågutsleppsteknologi

Enova støttar tiltak innan transportsektoren innan produksjon av

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

biodrivstoff, forsyning av fornybar energi (ladeinfrastruktur og landstøm) og energieffektivisering.

Bompengefinansiering på fylkesvegnettet

I samband med ny E39, vil det bli bompengeinnkreving når vegen opnar i 2022. Ytterligere bompengefinansiering i Os er ikkje aktuelt i denne RTP.

Forskotering

Forskotering som finansieringskjelde er særleg aktuelt når private reguleringsplanar har rekkefølgekrav om utbetring på fylkesvegnettet. Det er sett ei grense på 15 millionar kroner til forskotering. I Os kommune ligg ei mogleg forskotering inne som del av utbyggingsavtale mellom Bjånes Fjordboliger AS og Os kommune i samband med utbygging av gang-/sykkelveg frå Hauge til avkørsel Bjånes.

Kommentarar frå Os kommune

Dei økonomiske rammene vil truleg alltid vere mindre enn ønskeleg. Det er difor viktig å finne modellar som gjer at ein får mest mogleg ut av dei midlane som finns. Os kommune meiner det er viktig og nødvendig å sjå på nye modellar for spleiselag og samhandling mellom fylkeskommunen, private og kommunane i fylket.

I samband med Byvekstavgift er det signalisert at kommunane kring Bergen skal trekkast inn i arbeidet. Dette er noko Os kommune støttar. Svært mange av våre innbyggjarar er brukarar av ulike transporttenester i og rundt Bergen og det er difor rimeleg at også deira interesser blir høyrte.

Det er positivt at det vert etablert tilskotsordningar som kommunane kan søkje på til ulike tiltak. For mindre kommunar kan det likevel vere krevjande å halde seg orientert om alle dei ulike ordningane som finns. I tillegg krev tilskota at vi «må hive oss rundt» og endre planlagt framdrift på ulike prosjekt for å kunne nytte oss av ordningane. Det er difor ønskeleg at tilskotsordningar på statleg og fylkeskommunalt nivå i større grad enn i dag blir samordna.

Gjennom Byregionprogrammet er det vedtatt at Os kommune skal søke om å bli sykkelby (eller sykkelbygd som vi kallar det i Os).

Når det gjeld ferjeavløysingsmidlar ønskjer Os kommune ferjesambandet Hatvik-Venjanaset inn som eit aktuelt prosjekt.

Kap 5 Fylkesvegnettet

Kapittelet skildrar dagens fylkesvegnett (vegar, ferjesamband og gang-/sykkelvegar) og korleis ein skal nå måla for fylkesvegnettet.

RTP 2013–2024 etablerte ei todeling av fylkesvegnettet, med eit overordna og eit øvrig fylkesvegnett. I dette høyringsutkastet blir todelinga vidareført. Det er lagt til grunn 5 kriterium for å definere det overordna fylkesvegnettet:

- Kriterium 1: Viktige bindeledd i senterstrukturen
- Kriterium 2: Diagonale bindeledd
- Kriterium 3: Strekningar som er viktige av beredskapsomsyn
- Kriterium 4: Strekningar som er viktige av næringsomsyn
- Kriterium 5: Strekningar som er viktige på grunn av høg trafikkbelastning

E39 er definert som del av Riksvegnettet.

Fv 552 frå Uno x-krysset til Hatvik ferjekai er definert som overordna veg på

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

fylkesvegnettet.

Det er gjennomført ei kartlegging av det øvrige fylkesvegnettet med fokus på følgjande tema: vegbredde, ulykker, trafikk (ÅDT), fart og tilbod til mjuke trafikantar. Kartlegginga har identifisert utbetningspunkt som blir lagt inn i ein «prosjektbank» for standardhevingstiltak.

Nye vegar kan føre til omklassifisering av gamle vegar. For Os kommune sin del, er det aktuelt å nedklassifisere deler av Fv161 og/eller Fv 163 til kommunal veg. Dette vil handsamast i eiga sak.

Samferdselsdepartementet har vedteke forskrift til veglova § 13 om anlegg av offentleg veg og Statens vegvesen har utarbeida vegnormalar på bakgrunn av veglova. Det gjeld ulike standardkrav for nye vegar og for utbetring av eksisterande vegar (utbetningsstandarden). I tillegg kan punktutbetring gjennomførast utan at krava i vegnormalane blir gjort gjeldande. Dette inneber at det er stor fleksibilitet i utforminga, og fylkeskommunen presiserer i høyringsutkastet at dei ønskjer i større grad enn i dag å utnytte denne fleksibiliteten. Dette gjeld spesielt mindre tiltak utanfor byar og tettstader for gåande og syklende, samt utbetring av haldeplassar for buss.

I Regional transportplan 2013-2014 blei det slått fast at vedlikehald skal prioriterast høgare enn nyinvesteringar. RTP 2018-2029 vidarefører og forsterkar denne prioriteringa. I Strategi for drift og vedlikehald fram mot 2029 er det definert tre overordna mål:

1. Ein skal styrke vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett gjennom å sikre nok midlar til forsvarleg drift og vedlikehald av vegnettet
2. Ein skal sikre at nivået på drift- og vedlikehaldsarbeid er tilpassa endringar i klima
3. Ein skal sikre god kontrakt- og økonomistyring, og god kvalitet i leveransane.

Trafikksikring er eit gjennomgåande tema i transportplanen. I tillegg til tiltak retta mot møte- og utforkøyringsulykker, er det eit stort behov for trafikksikringstiltak retta mot mjuke trafikantar. Trygge skulevegar er eit viktig satsingsområde som særleg må sjåast i samheng med styrking av gang- og sykkeltilbodet i regionsentra.

Fylkeskommunen har ansvar for drift av 17 ferjesamband, tre av desse ligg i Os. Strengare miljøkrav gjer at høgare fart ikkje er prioritert for ferjesambanda ved nye ferjekontraktar. Universell utforming er høgt prioritert og tilrettelegging av kaiar blir følgd opp i investeringsprogrammet.

Ut frå forskrifta om sivil transportberedskap har fylkeskommunen ansvar for å legge til rette for nødvendig og tilpassa transportberedskap. For Os kommune er Fv 552 definert som omkøyringsveg for E39 og E16 (Fv 7/137 gjennom Hardanger via Osøyro). I tilfelle varige stengingar, har fylkeskommunen og Statens vegvesen utarbeidd ein strategisk beredskapsanalyse for bruene kring Bergen.

Kommentarar frå Os kommune

I høyringsutkastet er det presisert at fylkeskommunen ønskjer å utnytte fleksibiliteten i vegnormalane i større grad enn i dag. Dette støttar Os kommune. Det er samstundes viktig å forankre ein slik tenking i heile organisasjonen. Per i dag er vår erfaring at det er krevjande å få til løysingar som ikkje fullt ut er i tråd med

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

normalane.

Trafikksikring er eit gjennomgåande tema i RTP. Auka satsing på effektive og trygge tilbod for mjuke trafikantar er viktig og heilt i tråd med våre lokale mål og strategiar.

Os kommune har samarbeid om legevaktordning med Fusa og Samnanger. For å sikre tilfredsstillande beredskapsteneste er gode omkøyringsveggar nødvendig.

Kap 6 Kollektivtransport utanom Bergensområdet og anna offentleg transport

Kapittelet omhandlar kollektivtransport utanom Bergensområdet med vekt på rutetilbod, hovudstruktur for linjenettet og infrastruktur og bygger på Kollektivstrategi for Hordaland vedtatt juni 2014.

I strategien er det valt fire strategiske grep:

1. Utvikle det beste tilbodet der flest reiser
2. Tilby enklare reiser
3. Tilby effektive reiser
4. Sørge for miljøvennleg drift

I område med eit stort trafikkgrunnlag er det viktig å legge til rette for eit kollektivtilbod som er attraktivt, oversiktleg og heilskapleg, med enkle byter, god korrespondanse og god informasjon til dei reisande. Tilbodet utanom Bergensområdet skal stø opp under senterstrukturen og regionsentra si rolle.

Område der trafikkgrunnlaget er lågt vil skuleskyss i stor grad vere dimensjonerande for kollektivtilbodet. Skuleskyssen skal difor så langt det er mogeleg inngå i det ordinære kollektivtilbodet.

Der det ikkje er grunnlag for ordinær rutegåande transport blir det vurdert andre fleksible løysingar som for eksempel bestillingstransport. Dette vil bli følgt opp gjennom Handlingsprogram for Kollektivstrategien. Drosjenæringa er eit viktig supplement til den ordinære kollektivtransporten som det må planleggast for særleg ved trafikknutepunkt.

Kommentarar frå Os kommune

Då Kollektivstrategi for Hordaland var på høyring kommenterte Os kommune at strategien bør sei noko om korleis buss/bybanetransport skal sjåast i samanheng med for

eksempel etablering av pendlarparkering, gang- og sykkelveggar og transportknutepunkt (der drosje blir vurdert som kollektivtransportens forlengta arm). RTP er det overordna dokumentet der alle typar transporttilbod skal sjåast i samanheng. Det er viktig at dette også blir følgt opp i arbeidet med Investeringsprogrammet.

Kap 7 Transport i Bergensområdet

Hovudmål er at Bergensområdet (Samnanger, Os, Sund, Fjell, Askøy, Vaksdal, Osterøy, Meland, Øygarden, Radøy, Lindås og Bergen) skal ha eit miljøvenleg, effektivt og trygt transportsystem som sikrar mobilitet for befolkning og næringsliv.

Hovudvegssystemet i Bergensområdet er innretta med Nygårdstangen som nav, noko

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

som gjer det svært sårbart for hendingar i trafikken. Eit fullt utbygd ringvegssystem vil avlaste dei indre byområda, men vil truleg føre til auka trafikkarbeid totalt. Ringveg øst må difor skje i kombinasjon med restriktive tiltak på eksisterande vegnett.

Restriktive tiltak på personbiltrafikken er avgjerande for å nå nullvekstmålet. Det blir jobba på fleire frontar for å unngå trafikkvekst. Stortinget har mellom anna bedt regjeringa etablere ein nasjonalt bindande regel om at nullutsleppskøyretøy ikkje skal betale meir enn maksimalt 50 prosent av takstande for konvensjonelle køyretøy når det gjeld bompengar, ferje og parkering. Ved sida av teknologiutviklinga på køyretøysida er framtidig ladekapasitet og brukaråttferd avgjerande i overgangen til låg- og nullutsleppskøyretøy. Eventuelle tilskot bør tilpassast kontinuerleg til situasjonen.

Kommentarar frå Os kommune

Restriktive tiltak på personbiltrafikken vil kunne få konsekvensar for dei mange pendlarane frå kommunane rundt Bergen. Det er difor viktig at desse kommunane blir involvert når slike tiltak blir diskutert og at det blir lagt godt til rette for gode kollektivløysingar med pendlarparkering.

Kap 8 Regionsenter

Kapittelet omhandlar korleis Regional transportplan Hordaland skal følge opp Regional plan for attraktive senter.

Det er fleire grunnar til at regionsentra er relevant for Regional transportplan Hordaland:

- Regionsentera er viktige reisemål for innbyggjarane i fylket
- Regionsentera er knutepunkt i transportsystemet, for alle transporttypar
- Regionsentera er stader der folk bur tett, med potensiale for at ein større del av reisene vert gjort med gange, sykkel

og kollektivtransport

- Regionsentera er stader der omlegging av transportsystemet kan bidra til auka aktivitet og betre folkehelse
- Regionsentera er stader der tiltak på transportsystemet vil gje effekt for mange personar, og påverke overordna

målsetjingar for transportfeltet

- Regionsentra har ofte mykje gjennomgangstrafikk

Hordaland fylkeskommune har ein vedtatt politikk om å bidra til utvikling av regionsentra gjennom å samordne sin aktivitet. Regionsentra som trafikale knutepunkt er ei viktig brikke i dette arbeidet.

Ei overordna vurdering av vegsystemet rundt regionsentra må legge premissane for val av løysingar på detaljnivå. Det er likevel viktig å finne løysingar som kan finansierast. Dette gjeld særleg spørsmål om å legge gjennomgangstrafikken utanfor kjernen i regionsenteret.

Kommentarar frå Os kommune

I forslag til transportplan er det vist til sykkelstrategi for Os, utvikla av Statens vegvesen i 2011. Gjennom Byregionprogrammet er sykkel eit eige satsingsområde

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

og Multiconsult kartlegg i desse dagar korleis stoda er for syklistar i og rundt Osøyro. Deretter vil dei kome med forslag til utbetringstiltak som det kan søkjast tilskot på.

I samband med arealplanarbeid har det vore diskutert å få lagt gjennomgangstrafikken utanom Osøyro. Slik vi vurderer det er det per i dag ikkje grunnlag for ei slik endring, men vi vil ta omsyn til det ved rullering av planen. I områdeplan for Osøyro har det vore diskutert å legge vegen opp Mobergsbakken bak vognhallen. Det hadde frigjort verdifullt areal på framsida og gjort tilkomsten til kulturminnet betre. Det er ikkje rimeleg å tru at det blir løyvd pengar til eit slikt tiltak på kort sikt, så målet er å legge til rette for det i områdeplanen, utan å hindre ønska utvikling i området.

Kap 9 Statlege ansvarsområde

Regional transportplan Hordaland omhandlar heile transportsystemet i fylket og har difor ein eigen omtale av dei statlege ansvarsområda. Kapitlet presenterer innspel til Nasjonal transportplan 2018-2029.

Vestlandet er eitt av dei mest ressursrike områda i Europa og ei drivkraft i norsk eksport og verdiskaping. Utbygging av dei nasjonale transportårene innan veg, jernbane, fly, hamn og terminalar/logistikknutepunkt vil vere avgjerande for å utnytte potensialet i regionen.

Fylkestinget har prioritert mellom anna E39 Ådland-Svegatjørn som eit hovudsatsingsprosjekt inn mot Nasjonal transportplan. I tillegg er det nemnt andre viktige prioriteringar og satsingar:

- Auka innsats på rassikring.
- Auka rammeoverføringar til drift og vedlikehald av det fylkeskommunale transportnettet.
- Nytt logistikknutepunkt i Bergen.
- KVVU for vegarmen mellom E134 og Bergensområdet.
- Statleg strategi for fornybar energi i transportsektoren.
- Nasjonalt løft for trafikksikre skulevegar.

Det er etablert eit regionalt partnerskap for samordning av regionale synspunkt inn mot NTP. Partnerskapet skal vere pådrivar og koordinere arbeidet med å fremje dei regionale interessene for store samferdselsprosjekt i Hordaland.

Kommentarar frå Os kommune

Os kommune har nyleg gitt høyringsuttale i samband med E39 sørøver. Dette arbeidet kjem vi til å følgje tett og vi ventar at det blir tatt omsyn til lokale ønskjer og innspel.

Dagens E39 har utfordringar frå Moberg til Halhjem. Særleg er støyproblematikken problematisk. I tillegg er krysset ved Lepsøyvegen eit utsatt ulykkespunkt som må utbetrast uavhengig av ny E39 eller ikkje.

Vedlegg – Handlingsprogram 2018-2021

Vedlegget omhandlar aktuelle utgreiings- og utviklingsoppgåver, omtalt som tiltak. I tillegg til handlingsprogrammet skal det utarbeidast eit investeringsprogram.

Investeringsprogrammet skal primært vise prioritering av investeringstiltak på

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

fylkesvegnettet i perioden 2018-2021. For å sikre god styring med kva planar som vert starta opp, er det i tillegg behov for føringar på kva prosjekt som skal planleggast med tanke på realisering etter første fireårsperiode. Investeringsprogrammet skal ha tett kopling med årlege budsjett og fireårig økonomiplan.

Investeringsprogrammet skal inkludere og erstatte dei årlege plan- og byggeprogramma og handlingsplan for trafikksikring. Programmet skal rullerast kvart år, slik at ein ikkje mister fleksibiliteten i forhold til endringar ved budsjett og vedtak. Investeringsprogrammet skal på høyring hausten 2017, med sikte på endeleg vedtak i fylkestinget i desember 2017.

Kommentarar frå Os kommune

Os kommune er positive til utarbeiding av Investeringsprogram. Dette gjer arbeidet meir føreseieleg og sikrar betre kopling mellom planlegging og utføring.

Oppsummering

Os kommune opplever sterk folkevekst og i kommunens samfunnsplan er det stipulert 40 000 innbyggjarar rundt 2040. Dette betyr at all infrastruktur i kommunen må dimensjonast opp for å handtere folkeveksten. Fylkesvegane er svært viktige i denne samanheng. Det er også gode kollektivtenester og trygge gode tilbod for mjuke trafikantar.

I planforslaget som no ligg føre er det vist til svært mange utfordringar og oppgåver som skal løysast. Os kommune tykkjer det er positivt at fylkeskommunen ønskjer å ta i bruk fleksibiliteten som ligg i vegnormalane ved utbetringar og opprustinga av eksisterande infrastruktur. Ved i større grad samkøyre overordna satsingar med lokale tiltak kan vi saman få til gode løysingar og effektiv bruk av offentlege midlar.

Når det gjeld innspel til konkrete fylkesvegprosjekt i denne rulleringa av RTP 2018-2029 har Os kommunen følgjande prioriteringar:

Nr	Prosjekt	Føremål	Status reguleringsplan	Estimert kostnad (inkl MVA)
1	Hatvikvegen, parsell 1 (kryss Hegglandsdalen – Klyva) generell opprusting	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent 2015	100 mill.
2	Kryss Hatvikvegen – Valle bru (Hegglandsdalen)	Gang-/sykkelveg	Godkjent	25 mill.
3	E39-Lepsøykrysset	Gang-/sykkelveg samt utbetring kryss	Godkjent	
4	Sperrevik – Sørstraumen (Lysefjorden)	Gang-/sykkelveg (rekkjefølgjekrav)	Godkjent	10 mill.

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56 57 50 43

5	Hegglandsdalsvegen	Generell opprusting/ punktutbetring	Ikkje reg.plan	
6	Storumbakken – Lepsøy	Generell opprusting, ferdigstilling av heile strekninga	Godkjent	
7	Lysekloster ruinar – Buena kai	Mindre utviding av fylkesvegen	Ikkje reg.plan	
8	Hatvikvegen parsell 2 og 3 (Klyva – Hatvik ferjekai)	Gang-/sykkelveg, generell opprusting	Godkjent 2015	220 mill.

Som det kjem fram av prioriteringslista, så ønskjer Os kommune å prioritere tiltak som først og fremst betrar trafikktryggleik/framkomst for mjuke trafikantar. I enkelte tilfelle må eksisterande veg flyttast for å få på plass gang-/sykkelveg. Dette gjer at enkelte av prosjekta blir svært omfattande og kostbare. I tilfelle Hatvikvegen har vi difor delt opp prosjekta i fleire trinn. Her er nærare omtale av dei ulike prosjekta:

1. Etablering av gang-/sykkelveg langs Hatvikvegen har vore høgt på prioriteringslista lenge. Dagens situasjon for mjuke trafikantar langs vegen er svært dårleg, særleg for dei som bur på oppsida av vegen. Ferjetrafikken Hatvik-Venjanaset er stadig aukande og frå 2020 vil denne vegen vere hovudsamband i den nye Bjørnefjorden kommune. Ved utbygging av Bjånes er det lagt inn rekkefølgekrav for etablering av gang-/sykkelveg frå Hauge til Klyva. Det er inngått utbyggingsavtale med utbyggar Bjånes Fjordbolig AS der deira bidrag er sikra.
2. Os kommune har planlagt nytt VA-anlegg langs Hegglandsdalsvegen frå Hauge til Valle bru. Det er etablert kontakt mellom vegvesenet og kommunen om eit felles prosjekt der målet er å få på plass regulert gang-/sykkelveg. Dette hastar å få på plass, då dagens situasjon er svært vanskeleg for mjuke trafikantar, og det er planar for etablering av ny skule i området. Valle bru må inngå i eit slikt prosjekt.
3. Lepsøykrysset er eit farleg kryss der det jamleg er bilulykker med personskader. I tillegg er tilhøva for mjuke trafikantar svært vanskeleg frå bedehuset i Solbakken, gjennom undergangen på Halhjemsvegen og til fortauet på Nilsavegen. Skal heile krysset utbetrast, vil det måtte bli eit spleiselag mellom fylke og stat. Om dette ikkje lar seg gjere på kort sikt, ber Os kommune om at tiltak for mjuke trafikantar vert prioritert no, særleg fortau i Trolldalen.
4. Sperrevik-Sørstraumen manglar gang-/sykkelveg. Lysefjorden har dei seinare åra blitt svært populært bustadområde og det er rimeleg å anta at dette vil bli forsterka med ny E39 og ny fylkesveg til Helleskaret. Gjennom privat utbygging er det no på plass avtale om å etablere gangsti frå brua og opp til skulen. For å få på plass samanhengande og trygg skuleveg for borna vest for brua, må det etablerast gang-/sykkelveg frå brua og til etablert fortau

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentraltbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		

langs Sperrevikvegen.

5. Hegglandsdalsvegen har parti som er svært smale og med dårleg kvalitet. Dette er ein viktig veg i samband med legevaktsamarbeidet med Fusa og Samnanger og ein viktig omkøyringsveg for ferjesambandet Hatvik-Venjanaset. I tillegg tar denne vegen mykje av helgeutfarten mot Voss/Hardanger frå Os og kommunane sør.
6. Store deler av Lepsøyvegen er rusta opp, men framleis er det parti igjen frå Storumbakken og til Lepsøy som må takast før vegen held dagens krav og trafikktryggleiken for mjuke trafikantar er tilfredsstillande.
7. På vegen mellom Lysekloster ruiner og Buane er det for smalt til at to personbilar kan passere. I tillegg manglar det tilbod for mjuke trafikantar langs vegen. Det har tidlegare vore diskutert mindre tiltak og punktutbetringar som kan betre framkomst langs vegen og hindre uheldige ryggesituasjonar. I samband med ny båt til Lysøen er det rimeleg å tru at også klosterruinane blir meir populært turistmål, noko som igjen fører til meir busstrafikk på vegen.
8. Hatvikvegen frå Klyva til Hatvik er ferdig regulert og gang-/sykkelsti slik at det er eit samanhengande tilbod langs hovudvegane.

I tillegg til tiltaka som er nemnt i prioriteringslista over, er det ei rekke små og store tiltak som burde vore gjort på fylkesvegnettet i Os. Vi ønskjer å ha ein tett og god dialog med fylkeskommunen og Statens vegvesen, slik at vi i størst mogeleg grad kan vere orientert om arbeid som blir planlagt og gjerne også kan få kome med innspel i samband med konkrete tiltak.

Os, den 06.03.2017

Aina Tjosås
Kommunalsjef samfunnsutvikling

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56 57 50 43		